



UTMARK v/Gamle3Hus
Karen Austegard
Bellgården 1
5003 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3550 - 17/34021

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
07.12.2017

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense - gbnr 214/1 Fyllingsnes

Tiltak: Søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg
Byggjestad: Fyllingsnesvegen 43
Tiltakshavar: Steinar Fyllingsnes
Ansvarleg søkjar: Utmark v/Gamle 3Hus AS

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg (15 meter frå vegmidt jf. Veglova §29) for tilbygg bustad og garasje gbnr 214/1 Fyllingsnes.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka: Det vert søkt om dispensasjon frå byggegrense mot veg for tilbygg med avstand 10,9 meter frå vegmidt og garasje med avstand 4,6 meter frå vegmidt.

Vurdering/drøfting: Teknisk drift har vurdert det som forsvarleg å gi dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for både tilbygg og garasje.

Samandrag/konklusjon: Teknisk drift gjev dispensasjon frå byggegrense mot veg for begge tiltaka. Vilkår for dispensasjon for tiltaka vert gitt kvar for seg. Føresetnad for dispensasjon frå byggegrense mot veg er at det vert gitt dispensasjon frå LNF i kommuneplanen.

Vedtak:

Teknisk drift vil gje dispensasjon frå byggegrense mot veg for tilbygg på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom midt kommunal veg og tilbygg skal være 10,9 meter.

Teknisk drift vil gje dispensasjon frå byggegrense mot veg for garasje på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom næraste del av tiltak og midt kommunal veg skal være minimum 4,6 meter.



- Garasje skal være plassert slik at tekniske krav til avkjørsle vert stetta.
- Lindås kommune fråseier seg alt ansvar for skade som oppstår på tiltak som følgje av garasjen sin plassering i forhold til kommunal veg. Dersom det oppstår skader på garasje under drift og vedlikehald av kommunal veg skal eigar av garasje sjølv sørge for og påkoste utbetring av disse. Eigar av garasje må rekne med at det kan komme snø på garasje i samband med vinterdrift av kommunal veg.
- Det er etablert privat borehol gjennom kommunal veg. Frå dette er det lagt ned leidningsnett i grense mellom gbnr 214/1 og kommunal veg. Dersom garasje vert påført skade pga leidningsbrot er dette kommunen uvedkomande. Skader som oppstår ved leidningsbrot på privat nett følgjer privatsrettslege regler.

Vi gjer merksam på at dette vedtaket berre gjeld plassering i forhold til kommunal veg. Tiltak er søknadspliktig etter plan og bygningsloven.

Det er med heimel i Veglova §29 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at løvye berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatsrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kopi til:

Lindås kommune ved byggesak

Mottakarar:

UTMARK v/Gamle3Hus

Bellgården 1

5003

BERGEN